

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

"Tilskotet til Fjord Norge vert sett til 3.000.000 for 2016. Auken på 600.000 kr vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsloyvingskonto.

Fylkesutvalet ber fylkesordføraren ta initiativ til eit eigarmøte i selskapet, som m.a. gjev ei oppdatering på strategiarbeidet i selskapet."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for at Fjord Norge AS skal motta kr 3.000.000,- gjennom ein ny avtale mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet.

Kr 2.400.000 av støtta vert gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost "Næringsretta partnarskapsmidlar" og erstattar den tidlegare rammeavtalen som var felles for alle fylkeskommunane, og samarbeidsavtalen som var unik for kvart fylke.

Kr 600 000 vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsloyvingskonto.

2. Støtta vert for 2016. Fjord Norge AS må kunne vise til at selskapet oppnår dei måla som er sette i avtalen mellom selskapet og fylkeskommunane på Vestlandet i perioden.
3. Fylkesutvalet ber fylkesordføraren ta initiativ til eit eigarmøte i selskapet, som m.a. gjev ei oppdatering på strategiarbeidet i selskapet.